
Fra: Vidar Hoviskeland <vidar.hoviskeland@gmail.com>
Sendt: 10. februar 2017 11:44
Til: Postmottak KD
Kopi: Lygre Aud Opheim; Svein Olav Langåker; Torgeir Dimmen
Emne: Høyringsuttale til ny rammeplan for barnehagen

Høyringsuttale til ny rammeplan for barnehagen

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) vil med dette koma med eit høyringssvar i samband med forslaget til ny rammeplan for barnehagane. Me seier oss leie for at svaret vårt kjem etter høyringsfristen.

Me vil samstundes beklaga at korkje LNK eller nokon andre nynorskorganisasjonar er mellom dei som var inviterte til å koma med innspel i denne høyringsrunden. Me håpar dette berre er eit arbeidsuhell, og vil be om at LNK i framtida blir ført opp som høyringsinstans i saker som er viktige for dei språklege rettane til norske barn.

LNK representerer ein stor del av norske skule- og barnehageeigarar, gjennom dei 103 kommunane og fire fylkeskommunane som er medlemmer hos oss.

I desember 2016 gjennomførte LNK og Stiftinga Pirion ei spørjeundersøking blant styrarane i 728 barnehagar i nynorskkommunar og kommunar med minst ein firedel elevar i grunnskulen med nynorsk som hovudmål.

Undersøkinga viser at fleirtalet av barn i nynorskbarnehagar møter oftare song og høgtlesing på bokmål enn på nynorsk.

Kvart år byrjar kring 8000 barn på skulen i nynorske skulekrinsar. For at desse barna skal bli trygge språkbrukarar, treng dei å møte skriftspråket sitt før dei byrjar den formelle lese- og skriveopplæringa i første klasse. Dette bør vera ein sjølvstøtt og lovfesta rett. Slik er det ikkje, korkje i gjeldande rammeplan for barnehagen eller i utkastet til ny plan.

I kapittel 5 i utkastet til ny rammeplan står det mykje om synleggjering av språkleg og kulturelt mangfald, leik og utforsking av skriftspråket og eit mangfaldig tilbod av bøker og songar. Her må det inn formuleringar som sikrar rettane til dei barna som skal ha nynorsk som opplæringsmål når dei byrjar på skulen. I barnehagen har dei blitt lesne høgt for, dei har utforska bokstavar, lært songar, rim, regler og vitsar. Men når slik læring skjer med utgangspunkt i tekstar på bokmål, får dette konsekvensar for dei minste barnas språklege sjølvbete og skriftspråksferdigheiter når dei byrjar på skulen.

Ein viktig føresetnad for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule er at barnehagane gjer bevisste og systematiske val av språkstimulerande aktivitetar. Det er ikkje likegyldig om bøkene ein les saman i barnehagar i nynorskområde er på bokmål eller nynorsk.

Det er heller ikkje utan konsekvensar at dei fleste språkpakkar og digitale tilbod som er tilgjengeleg til bruk i barnehagane berre finst på bokmål.

Det er òg viktig for barn som veks opp i bokmålsområde at dei blir introduserte for den andre varianten av norsk alt i barnehagen. Dette er med på å skapa auka språkleg og kulturell toleranse, og å førebyggja fordommar mot nynorsk når barna seinare møter språket att i skulen.

Oppsummert:

LNK ber om at det kjem tydeleg fram i den nye rammeplanen at norske barn skal få møte nynorsk i barnehagane. Me sluttar oss til forslaga til ny tekst i rammeplanen som Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa kjem med i høyringsrunden.

Med helsing

Vidar Høviskeland
dagleg leiar i LNK

--

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

E-post: post@LNK.no

tlf.: 0047 90 50 66 17

Postadresse: Pb 7044 St.Olavs plass, 0130 OSLO

Kontoradresse: Pilestredet 8, OSLO

www.LNK.no

Org. nr. 9743 39943